

FJELLVARSEL Sund

INFORMASJON FRÅ FJELL VATN, AVLØP OG RENOVASJON AS • NR. 3 • DESEMBER 2019



MED TØMME-KALENDER



Ordførar Marianne Sandahl Bjarøy og dagleg leiar i FjellVAR Bjarne Ulveseth er stolt av det moderne reinseanlegget.

Foto: Rune Sætre

Opna Noregs mest moderne reinseanlegg

Storanipa avløpsreinseanlegg vart offisielt opna av ordførar Marianne Sandahl Bjarøy, fredag 6. desember 2019. Til stades var og mange inviterte gjester.

Reinseanlegget som ligg 100 meter inne i fjellet på Våge, skal reinse kloakken frå heile Little Sotra, Bildøy, Kolltveit og Morland/Morlandstø. Dei gamle reinseanlegga på desse stadane vil verte sanert vekk.

I lag med nye pumpestasjonar og overføringsleidningar er dette den største investeringa som er gjort i Fjell kommune si historie.

Reinseprosessen som er valt er også ny i nasjonal målestokk, som det første anlegget av denne størrelsen med rein mekanisk reinsing. Samanlikna med tradisjonelle reinseprosessar reduserer det plassbehov, byggekostnader og energibruk.

I tillegg gjer det ein større fleksibilitet i forhold til gjenbruk av slam, som vi ser på som ein ressurs i framtida.

LES MEIR PÅ SIDE 2



Gratis levering av julepapir og juletre i januar!

Levering av juleemballasje og juletre vil vere gratis på gjenbruksstasjonene i januar 2020.

Tilbodet gjeld for alle.



Kast ikkje matfeittet i do eller i vasken!

Jula er høgsesong for tette rør som må spylast opp, og pumpestasjonar som stoppar. For abonentane kan dette bety høgare avgifter neste år. Matavfall i avløpsnettet er også med på å halde liv i rotter.

Frå steikepanna kan ein tørke vekk feittrestar med kjøkken papir og kaste dei i matavfallet.

Feitt frå juleribba stivnar når det blir avkjølt. Då kan ein ta det ut og kaste det i matavfallet.

Feitt som ikkje stivnar, samlar du i tett emballasje og leverer det på gjenbruksstasjonen.

Endra bruk av plastsekkene frå 1. januar

No kjem det nye sekker for hushaldningsplast og for avfall som skal leverast til gjenbruksstasjonane.

Isopor kan då ikkje lenger samlast inn med hushaldsplasten. Den må no leverast direkte på gjenbruksstasjonen. **Små mengder kan framleis kastast i restavfallet.** Dei gamle sekkene for hushaldsplast skal heller ikkje nyttast. På dei står det at isopor kan kastast saman med plasten, men det er no feil.

Nye sekker for hushaldningsplast

Du kan gratis hente sekkar til returplast på gjenbruksstasjonane i Midstegen og Lonavegen, og Miljøpunktet på Tjeldstø. Du kan og få ny rull med plastsekkar frå renovasjonsbilen. Knyt då ein pose på papirspannet, **men hugs å fjerne den etterpå!** Når posene blir hengande på spannet, vanskeleggjer det utleveringa.

Gamle sekker for plast kan nyttast på gjenbruksstasjonen

Dei gamle sekkene for hushaldsplast med blått FjellVAR-trykk oppfordrar vi dykk til å nytte til avfall de leverer på gjenbruksstasjonen. Her er det frå 1. januar krav om gjennomsiktige sekkar. **Alle som kjem med avfall i svarte eller farga sekkar blir nekta å levere avfallet.**

Gjennomsiktige sekkar for bruk på gjenbruksstasjonane kjøper du på stasjonane til kr 20,- pr rull.



STORANIPA AVLØPSREINSEANLEGG

Frå slam til jordforbetring

Reinseprosessen på det nye anlegget går gjennom to trinn.

Først fjernar vi boss som ikkje høyrar heime i avløpsvatnet; filler, q-tips, plast, tantråd, og lignande. Dette blir tatt ut og levert som restavfall på lik linje med bosset heime. Neste trinn er siling gjennom ein fin trommelsil. Her tar vi ut 50 til 60 % av slammet i avløpsvatnet, som er kravet i utsleppsløyvet.



Dette er over 30 % betre reining enn det vi klarer med dagens reinseanlegg. Vidare går det reinsa vatnet til sjø på 70 meter djupt i Hjeltefjorden. Slammet frå trommelsilane blir avvatna til omlag 28 % tørrstoff, og levert til gjenbruk, førebels til kompostering og jordforbetring.

IKKJE
KAST ISOPOR
I LAG MED
PLASTEN!

TØMMEKALENDER – SUND 1. JANUAR – 30. SEPTEMBER 2020

ENDRINGER I HENTEDAGAR FOR PAPIR OG PLAST

Skjærtorsdag: Hentes mandag 30. mars

Kr. himmelfartsdag: Hentes mandag 18. mai

Langfredag: Hentes onsdag 1. april

2. pinsedag: Hentes torsdag 4. juni

1. mai: Hentes mandag 27. april



Kalendaren finn du og på
www.oyvar.no

PAPIR OG PLAST

JANUAR							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
1		1	2	3	4	5	
2	6	7	8	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25	26
5	27	28	29	30	31		

FEBRUAR							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
5					1	2	
6	3	4	5	6	7	8	9
7	10	11	12	13	14	15	16
8	17	18	19	20	21	22	23
9	24	25	26	27	28	29	

MARS							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
9					1		
10	2	3	4	5	6	7	8
11	9	10	11	12	13	14	15
12	16	17	18	19	20	21	22
13	23	24	25	26	27	28	29
14	30	31					

APRIL							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
14		1	2	3	4	5	
15	6	7	8	9	10	11	12
16	13	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23	24	25	26
18	27	28	29	30			



MAI							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
18				1	2	3	
19	4	5	6	7	8	9	10
20	11	12	13	14	15	16	17
21	18	19	20	21	22	23	24
22	25	26	27	28	29	30	31

JUNI							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
23	1	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10	11	12	13	14
25	15	16	17	18	19	20	21
26	22	23	24	25	26	27	28
27	29	30					

JULI							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
27		1	2	3	4	5	
28	6	7	8	9	10	11	12
29	13	14	15	16	17	18	19
30	20	21	22	23	24	25	26
31	27	28	29	30	31		

AUGUST							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
31				1	2		
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30
36	31						

SEPTEMBER							
MÅ	TY	ON	TO	FR	LØ	SØ	
36		1	2	3	4	5	6
37	7	8	9	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23	24	25	26	27
40	28	29	30				



Fakturering i 2020

Kommunesamanslåinga fører til endring i alle kundeavtaler som FjellVAR, Sund VA og BIR har mot dagens kundar. All eigedomsinformasjon vert endra i ein ny utgåve av matrikkelen som inneholder all eigedomsinformasjon. **Dette vil medføre nokre forseinkingar når det gjeld fakturering i 1. kvartal 2020.** Vi ber difor alle vere observant på at faktura for 1. kvartal kjem nært opp mot 2. termin i mars månad.

Betra tilgang på gjenbruksstasjonar frå 1. januar

Med overtakinga av gjenbruksstasjonen i Skogsvåg kan ØyVAR gje eit utvida tilbod. Alle innbyggjarane og hyttefolk kan nytta seg av dei to stasjonane, i Midtstegen og Lonavegen, i tillegg til miljøstasjonen på Tjeldstø.

For opningstider og kva du kan levele på stasjonane, sjå nettsida eller appen vår. Last ned appen, søk opp «FjellVAR» i Appstore eller Google Play. I appen finn du òg informasjon om returpunkt.

INFORMASJON FRÅ BIR Takk for godt samarbeid!

BIR ønsker å takke våre kunder for mange års godt samarbeid. I den forbindelse ønsker vi å komme med et par opplysninger vedrørende overgangen til ØyVAR.

- **BIR sin tømmeapp vil ikke fungere for kunder i Sund fra 1. januar 2020, da dere fra denne datoan er kunder hos ØyVAR.**
- Dere vil heller ikke lenger ha tilgang til Min side på bir.no
- For kunder som ønsker å benytte BIRs julesekk, kan denne hentes på gjenvinningsstasjonen på Midtstegen. Sekk fylt med julepapir, bånd og blandingsemballasje setter dere frem ved første tømming av restavfallet.
- Sluttfakura fra BIR blir sendt ut 31. desember 2019.
- BIRs gjenvinningsstasjon i Sund overtas av ØyVAR fra 1. januar 2020.

Fortsett med god kildesortering, det er bra for miljøet!

Vi ønskjer alle ei god jul og eit riktig godt nytt år!

Frå 1. januar blir vi ØyVAR - vi gler oss!



OPNINGSTIDER GJENBRUKSSTASJONANE

Lonavegen 20

Måndag og torsdag
kl. 09.00-19.00
Tysdag, onsdag og fredag
kl. 09.00-15.00
Laurdag kl. 10.00-15.00

Midtstegen 50

Måndag, onsdag og torsdag
kl. 12.00-19.00
Laurdag kl. 09.00-16.00



Følg oss på Facebook og få oppdatert informasjon

